



Statens vegvesen

Norges vassdrags- og energidirektorat – NVE
– Hovedkontor
Postboks 5091 Majorstuen
0301 OSLO

Behandlende enhet:	Saksbehandler/telefon:	Vår referanse:	Deres referanse:	Vår dato:
Region vest	Janne Ølmheim / 48024186	16/20285-2	201300050-10	18.05.2016

Uttale – søknad om løyve til å bygge tre småkraftverk – Tynjadalen kraftverk, Fosseteigen kraftverk og Øvre Kvemma kraftverk – Lærdal kommune

Vi viser til e-post datert 4. februar 2016 gjeldande bygging av tre småkraftverk i Lærdal kommune.

Saksopplysningar

Tynjadalen og Fosseteigen kraftverk: Under punkt 2.2.8 Veibygging, i dokument 1 – konsesjonssøknad på NVE sine sider står følgende: *Felles for Tynjadalen kraftverk og Fosseteigen kraftverk: Illustrasjon av veitraséer er vist i vedlegg 1 og 2. Endelig fastsettelse av veitrase skjer i detaljprosjekteringen.*

De planlagte permanente veiene vil ha grusdekke og bredde ca. 4 m.

Øvre Kvemma: Under punkt 2.2.8 Veibygging, i dokument 1 på NVE sine side står det følgende: *Det vil bli etablert anleggsvei fra eksisterende veier og opp til påhugg borehull. Denne vil bli ca. 1 km med en bredde på ca. 4 m. Denne vil bli benyttet til frakting av riggutstyr for boring av begge borehullene, samt under legging av rør. Det søkes om å benytte veien som permanent landbruksveg i klasse 7 i driftsperioden. Dette er et ønske fra grunneiere, samt forenklet adkomst til inntak og rørbruddsventil. Vegen vil følge rørtrasé, denne blir detaljprosjektert i detaljfasen. Eksisterende vei blir oppgradert der den sammenfaller med eksisterende veg, men disse vil sannsynligvis ikke sammenfalle i hele traseen.*

Det vil etableres egen veg inn til kraftstasjon fra Fylkesvegen. NGK vil søke vegvesenet om avkjørselstillatelse i detaljfasen.

Vår uttale

Generelt

Statens vegvesen sine interesser i alle plan- og forvaltningssaker omfattar primært etaten sitt ansvar for planlegging, bygging, drift og vedlikehald av riks- og fylkesvegnettet. Vår hovudmålsetjing er å leggje til rette for trygg og god trafikkavvikling, eit godt miljø og i tillegg ta omsyn til naboar og samfunnsinteresser elles.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Nærføring av kablar

Etter veglova § 32 og § 57 skal ingen føre kablar, leidningar eller anna utstyr over-, under-, langs- eller nærare offentlig vei enn 3 meter frå vegkant utan løyve. Søknad om løyve til slike tiltak over, under eller langs riks- og fylkesveg skal i kvart høve sendast til Statens vegvesen.

Byggjegrænse til veg

Byggjegrænse fastsett i reguleringsplan gjeld for alle byggverk som til dømes transformatorstasjonar, massedeponi, riggområder og oppstillingsplassar med vidare. Der det ikkje fins reguleringsplan gjeld Rammeplanen for avkøyrslar og byggjegrænser på riks- og fylkesvegar i Region vest, sjå vedlegg. For tiltak innafor byggjegrænse til veg som ikkje er fastsett i reguleringsplan, må det søkast om dispensasjon frå Statens vegvesen, søknadsskjema finn de på www.vegvesen.no – skjemaer – søknad om avkjørsel eller dispensasjon frå byggegrense.

3

Avkøyrslar

Der det vert behov for ny vegtilkomst langs riks- og fylkesvegar som ikkje er vist i reguleringsplan, utvida bruk av eksisterande avkøyrslar eller mellombels avkøyrslar, må det søkjast Statens vegvesen. Avkøyrslar må utformast i samsvar med handbok N100 Veg- og gateutforming og handbok V121 Geometrisk utforming av veg- og gatekryss, desse finn de på www.vegvesen.no – fag – håndbøker.

Spesialtransport

Når store og tunge konstruksjonar skal transporterast må det søkast om eige løyve, søknadsskjema ligg på www.vegvesen.no – veglister/dispensasjoner – søknad om dispensasjon for spesialtransport.

Plan- og forvaltningsseksjonen

Med hilsen

Vigdis Lobenz
seksjonsleiar

Ølmheim Janne

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.